

<b>Internt høyringsskjema reguleringsplanar</b>			
Plan namn	Lonena områdeplan	planID	1263 2016 10
Sakshandsamar	Kaia Marie Amland	arkivID	14/5177
		motteke	06.06.2019
<b>Intern høyringsfrist: 31.07.2019</b>			
<b>Samordning / Samarbeidspunkt:</b>			
<b>Kart / Plankart:</b>			
Regulert veg/avkjørsel f_SV1 går til privat veg, her vil utbygging krevje vedtak om utvida bruk av avkjørsel etter veglova.			
For f_SKV2 må det sjekkast ut om det vil krevje eige avkøyringsløyve etter veglova ved utbygging, då avkjørsla ikkje er regulert fram til offentleg veg (står ikkje status på veg i kart).			
<b>Føresegner:</b>			
<b>Føresegn §:</b>	<b>Merknad:</b>		
2.1	Her har TEK eigne reglar. Prinsippa om universell utforming i føresegn 2.1.1.1. bør utgå.		
2.1.2.1 og 2.1.2.2	Bør vera krav om illustrasjon ved detaljplan. Det som går fram i føresegna og kvalitetsprogrammet er for generelt i forhold til å kunna sikra intensjonen.		
2.1.2.7	Ta ut, følgjer av pbl.		
2.1.3	Her bør det vera krav om massebalanse i området, det er tatt inn punkt om terrenghandsamingsplan i føresegn 3.1.		
2.1.3.1	Bør det setjast krav til utforming av murar, t.d. naturstein?		
2.1.5	Må vera avklart ved detaljplan, evt. må det lagast eit eige bustadbyggjeprogram for utbygginga i Lonena.		
3.1	Rette namn på byggeområda: BAA BKB 1-4  Under punkt d) legg til parkering, tilkomst under kulepunkt 8  Detaljplanen bør vise samanhengen med grøntområda og ta desse med i planområdet i den grad det skal etablerast tiltak i grøntområda.		
3.2.2.	Denne bør leggst til grunn for deltfelta, evt. for planområdet		
3.2.3	Støyrapport bør ligga ved detaljplan. Dokumentasjon på gjennomføring av tiltak i tiltaksplanen må ligga ved søknad om rammeløyve.		
3.2.6	Ta ut, krava går fram av TEK		
4.1.1.3 a)	Er det same krava til byggjehøgder for bygg i BAA?		
4.1.1.4	Parkeringskrav for BAA må leggst til, det er kun satt krav om parkering for bueining/bustad.		

4.1.4.4.	Ordlyden «mindre verksemder» bør presiserast
4.1.1.5	Det er satt krav til sol på 50 % av arealet, skal det dokumenterast i detaljplan/rammesøknad ved bruk av soldiagram?
4.2.2	Bruke ordlyden «retningsgjevande». Slik dei er vist i plankartet så er det juridisk bindande. Bør dei vera illustrerte i områdeplanen og fastsetjast ved detaljplan?
4.2.3	Skal det vere rekkefølgekrav til opparbeiding av o_SPA?
4.3.1	Kan vi ta inn delar av føresegn 3.3.2 i KDP? Det vert uklart kven i kommunen som skal ta stilling til type tiltak. Alternativt bør det klarleggjast gjennom detaljregulering kva tiltak det skal leggjast til rette for i dei ulike områda.
6.3	Legge inn krav om endeleg godkjent teknisk plan for VA og endeleg godkjent renovasjonsteknisk plan
6.3.2	Er det fleire enn o_SVG8 som skal med her? For område BKB1 og BKB2 – skal og f_BRE og f_BLK opparbeidast? For alle vegane som skal opparbeidast bør tilliggjande anna veggrunn takast med.

**Planskildring / rapportar / Fakta:**

**Eventuelt:**